


# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 2 | juni 2019 | 22. årgang



## Neste blad

kjem i desember, med frist for stoff 15. november. Spaltene er opne for smått og stort om det som skjer i "seterlandet".

## AgriAnalyse

gjennomfører ein omfattande undersøkelse av seterdrifta. Sjå side 14.

## NM i ost

5. – 7. september i Oslo. NM i Ost blir arrangert i forbindelse med Matstreif. Åpent for alle, påmeldingsfristen er 1. august.

## Aktuelle synspunkt

Framover vil vi invitere folk til å skrive om bl.a. landbrukspolitikk og stølsdrift. Først ut er Anders Felde, fylkesleiar i Sogn og Fjordane Bondelag. Han er ei tydeleg stemme i landbrukspolitikken. Sjå side 14.

## Ny postadresse?

Har du fått vegadresse, eller har du flytta? Send oss melding om det, så slepp vi å få Seterbrukaren i retur.



### Styret:

Siv Beate Eggen, leiar  
7760 Snåsa,  
tlf. 48 10 27 85  
sbeggen@msn.com

Knut Ola B. Storbråten,  
nestleiar  
Østmosætervegen 98,  
2133 Gardvik  
Tlf. 46911351  
knut.ola.storbraten@  
annomuseum.no

### Styremedlemmer

Per Sæther  
6631 Batnfjordsøra  
tlf. 71 29 01 81\93 67 35 69  
pesetra@gmail.com

Marit Skjelstad  
marit.skjelstad@tine.no  
(Repr. landbruksamvirket)

Björg Engene  
Lykkjavegen 43,  
3560 Hemsedal  
Tlf. 974 71 434  
b-engene@online.no

### Varemedlemmer

Nils Drabløs  
Vallavegen 31  
6220 Straumgjerde  
Tlf. 909 89 109  
nils-dr@online.no

Bjørn Karsten Ulberg  
3358 Nedre Eggedal  
bkulberg@broadpark.no

Gro Haraldsdatter Arneng  
Dalsvegen 639  
2940 Heggenes  
Tlf. 952 26 255  
groarneng@hotmail.com

### Utgevar:

#### Norsk Seterkultur, 6214 Norddal

Telefon 948 23 687/70 25 91 77  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad  
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169

Organisasjonsnr. 879270642

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: Unitrykk

Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.l@online.no

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gonger i året.

Framsida: Frå Sylvarnesstølen i Vik i Sogn.

Foto: privat.

# Det trengst eit løft!

› "Ei produktiv utmark er eit fortrinn for norsk landbruk. – Sunn mat, produsert i rein og vakker natur, med høg dyrevelferd skulle høve godt inn i trendar som ein ser i matmarknaden no. Bruk av utmarksbeite høver også inn i omgrep som kortreist mat og mat med lokal identitet, attåt at det er ein nærast økologisk produksjon". Det er Yngve Rekdal som skriv dette i ein av fagartiklane i Seterpolitisk melding 2019 som Alliansen ny landbrukspolitikk (ANL) nyleg har presentert. Dei store verdiane utmarka representerer er sentralt tema i meldinga, ei melding som har fått god mottaking og mykje omtale også utanfor landbruket. "Gratisressursen" utmarksbeite er "eit vilkår for lønsemd i sauehaldet", og også storfehaldarane ser meir mot utmark som del av forgrunnlaget, skriv Rekdal. Tørkesommaren 2018 minte oss også om at det er vel verd å satse på utmarksbeite. I seterlandsskapet finn vi særleg gode beite, men det krevst medvetne og heilskaplege skjøtseltiltak for å ta vare på – og vidareutvikle – desse ressursane.

› Den seterpolitiske meldinga gjev ei historisk skildring av utviklinga i seterdrifta, status i dag – med godt under 900 aktive setre – og peikar på vegar vidare. Seterdrifta har skapt eit rikt biologisk mangfald og er ein kulturarv å byggje vidare på. Kunnskapen må takast vare på, og det trengst meir undervisning innan utmarksbeite, fjell-landbruk og stølsdrift på landbruksskulane. Eksempla er mange på at seterdrifta og seterprodukta kan gje stor lokal verdiskaping og seterdrifta er det likaste vi har av dyrevelferd. Den seterpolitiske meldinga slår fast at seterdrifta fortener ei storsatsing, dei svært mange positive sidene ved seterbruk samsvarar både med våre verdiar og jordbrukets mål som er vedtatt av Stortinget, heiter det i meldinga, som konkluderer med åtte seterpolitiske tiltak. Meldinga tek bl.a. til orde for eit meir målretta nasjonalt setertilskot, med kraftigare insentiv for lengre seteropphald og eit investeringsprogram for setre gjennom Innovasjon Norge, med øyremerkte middel også for infrastruktur knytt til setra.

› Paneldebatten Norsk seterkultur arrangerte i samband med fagdag og årsmøte i Aurland i april viste stor grad av semje om kva verdiar utmarka og seterdrifta representerer. Tankar og framlegg som kom fram, der bl.a. faglag var representert, harmonerer i høg grad med ANL si seterpolitiske melding. Vi ser sjølvstakt ikkje så mykje att av dette i årets jordbruksavtale, men håpet er at gode krefter finn saman, at sentrale forslag i meldinga blir omsett i konkrete tiltak i komande avtalar. For det trengst eit løft!

Jostein Sande



Siv Beate Eggen frå Snåsa, ny leiar i Norsk seterkultur.

### Årsmøtet i Norsk seterkultur

#### Siv Beate Eggen ny leiar i Norsk seterkultur

Siv Beate Eggen frå Snåsa vart valt til ny leiar i Norsk seterkultur under årsmøtet i Flåm 7. april. Ho overtek etter Hans Bondal, som sa frå seg attval etter fem år. Med seg i styret får Siv Beate: Knut Ola B. Storbråten, Nord-Odal, Per Sæther, Gjemnes, Nils Sigurd Drabløs Sykkylven og Marit Skjelstad (Tine). Varemedlemmar: Bjørn Karsten Ulberg, Sigdal, Björg Engene, Hemsedal og Gro Arneng, Vestre Slidre.

Årsmøte-helga i Aurland inneheldt også eit tett pakka fagleg program, fordelt på møte og omvising på Sogn Jord- og Hagebrukskule, utferd til Undredal, paneldebatt og markering av Norsk seterkultur sitt 20-årsjubileum.

# Alliansen ny landbrukspolitikk med offensiv seterpolitisk melding

Den seterpolitiske meldinga som Alliansen ny landbrukspolitikk nyleg har lagt fram er både offensiv og framtidsretta. Blant dei konkrete tiltaka blir det foreslege å innføre eit tilskot på 12.500 kroner pr. veke for seterdrift og gratis mjølkekvote til dei som vil starte opp. Margit Fausko frå Hemsedal representerte Alliansen ny landbrukspolitikk i paneldebatten Norsk seterkultur arrangerte i samband med fagdag og årsmøte i Aurland. Fausko understreka kor viktig seterdrifta er for å halde oppe eit spreidd landbruk med små og mellomstore bruk. - Eit løft for seterdrifta er viktig for ei grøn omstilling av landbruket, få kyrne attende til utmarka, slo Margit Fausko fast. 500 nye setre på 10 år må vera målet! Silje Strøm og Margit Fausko har redigert meldinga, og kjente fagfolk som Yngve Rekdal og Kari Stensgård er mellom forfatarane. Norsk seterkultur har også levert bidrag til statusgjennomgang og framlegg til tiltak.

Den seterpolitiske meldinga har vore presentert på Stortinget, og har fått mykje omtale i media. Meldinga inneheld interessante kapittel om stoda i dag, fordelar med setring og, ikkje minst, framlegg til tiltak. Det ligg sjølsagt store utfordringar i den generelle landbrukspolitikken, kjenneteikna av meir import av formidlar og mindre utmarksbeite. I meldinga heiter det

at eit mål for seterbruket må vera å redusere kraftforbruken, og auke bruken av utmarksbeite.

Meldinga listar opp åtte seterpolitiske tiltak, mellom dei eit nasjonalt setertilskot på 12.500 pr. veke, med eit minimumsopphald på setra på 4 veker, gratis mjølkekvote for dei som vil starte med setring og eit investeringsprogram for setrene. På mange setre er det eit stort behov for å sette i stand eller ruste opp driftsbygningar, seterbu og infrastruktur. Vidare ynskjer ein å satse på mikromeieri og lokal distribusjon, som supplement til eiga foredling eller leveranse til Tine. Meldinga tek til orde for forbod mot misvisande seterklame, seterbrukarane må ha einerett på å bruke ord som seter og støl i reklamen. Vidare vil ein ha auka beitetilskot for utmarksmjølke, styrking av avlslaga for gode beiterasar og tilskot til kastrerte oksar på stølsbeite. Det er særleg viktig å ta vare på dei bevaringsverdige husdyrrasane, og at fleire dyr får koma på setra er eit viktig ledd i dyrevelferda.



Setermiljø i Rondane.



Strandgarden Sylvarnes – kjent frå TV-serien ”Der ingen skulle tru at nokon kunne bu”.

# På Sylvarnes

**Av Nils Sigurd Drabløs**

På strandgarden Sylvarnes i Vik i Sogn er det dokumentert busetnad sidan 1300-talet. Dei overlevde Svartedauden, isolerte som dei var. Då var det ein gard der, seinare har det vore to bruk. På Magne Sylvarnes sin gard er det ei grav frå yngre jernalder, og på stølen i Sylvarnesdalen er det spor etter husdyr frå vikingtida. To av gardane er framleis i drift, den eine med sau, og på den andre er det både sau og storfe. Magne har gamalnorsk spelsau og Vestlandsk fjordfe. 30 sau og 8-10 kyr pluss ungdyr. Det er og ein Fjordhest på garden til arbeid. Magne brukar gardsokse, og i vår var vi der og bytte oksekalvar. Magne er og kjend for lesarane frå NRK serien ”Der ingen skulle tru at nokon kunne bu.”

I sommarhalvåret har Magne dreng, resten av året driv han garden åleine. Mora Solveig på 88 bur og på garden. I forrige generasjon var familien på åtte personar, i generasjonen før det hadde dei også budeie og dreng. Før i tida hadde begge gardane kyr og geiter,

og dei støla fram på 1960-talet i Sylvarnesdalen, som no ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Solveig fortel at ho støla åleine i 17 år på stølen som ligg 570 meter over havet. Ho hadde 50-60 geiter og 5-6 kyr som ho handmjølka. Den tida låg ho på stølen heile sumaren, var berre heimom eit par gonger. Stølsvegen tar halvannen time å gå. Geitost frå geitene og smør frå kyrne gav inntektene. Ho koka ost kvar dag, og kinna smør ein gong i veka. Eit vasshjul dreiv separatoren, elles var alt handarbeid. Heldigvis var der skog nok til ved. Dei klyvja ost og smør og myse heim med hest i spesielle kasser som høvde forma på budrotten. Klyvjarsteinen ved selet var bygd opp for å lette arbeidet med å lesse på hesten, som var stø på foten over glatte svaberg på veggen heim.

Kyrne låg inne om natta, medan geitene søkte ly i Geitura, ei storsteinur tett ved. Der var og eit revehi, og tidleg om morgonane såg Solveig at revane dansa i solskinet. Men hard er livets lov, og når revane byrja å ta lam og kje måtte dei takast ut.

I 1950 slutta dei med geiter, og fram til 1966 gjekk Solveig på stølen kvar dag etter arbeidsdagen heime. Det var så slitsamt at ho ynskte at ho hadde ein bjørn å ri på oppatt på stølen! Etterkvart som fem ungar vaks til, var dei til god hjelp.

Kyrne var då som no av rasen Vestlandsk fjordfe, dei siste åra ho dreiv var der og nokre Vestlandske raudkoller. Bjøllekua Fløymrei passa på Solveig, så når Leif byrja å gå på friarføter måtte han passe seg. Fløymrei var klokare enn folk. Ei anna bjølleku, Fia, hadde den breie bjøllekubåsen inst mot selet, og klikka fredeleg med hornet i veggen når ho jorta. Ei tredje bjølleku, Vega, kom alltid til møtes med budeia når ho kom. Dei tyngste dagane kom når ho måtte gå på kaia med bjøllekyrne. Då gret Solveig heile veggen heim.

Etter 51 års opphald, tok Magne oppatt stølinga i 2017. I ein mannsalder hadde berre sauer, ungdyr og turrekyr beita der. Kyrne avgjer sjølve når dei vil flytte på stølen etter å ha beita i utmarka heime. Oftast går buferda



*Kyrne trivst på stølen som ligg 570 m.o.h., i Stølsheimen landskapsvernområde.*

***”Kor gamal garden er veit ingen, men her ligg no fire utslitne overkvernsteinar”. Rolf Sagen.***

litt ut i juli, og heimatt fyrst i september. Dei kjem alltid heim til mjølking. Solveig fortel at det ikkje er nokon framande som får koma nær beisti, så Magne kan ikkje ha budeie. Magne går opp på stølen etter ein hard arbeidsdag heime. Han mjølkar som Solveig med hand, separerer og syrmar fløyten. Det same gjer han om morgonen. Ein gong i veka kinnar han og ber smøret heim. Han lagar og kvitost og gamalost. Ostegryta er den same som Solveig brukte, ei stor korgryte som må takast til elva og skurast for hand.

Heime køyrer Magne mjølketanken på kaia tre gonger i veka. Fjordabåten heiser tanken ombord, og tar den med til gamalostmeieriet i Vik.

Magne fekk Kulturlandskapsprisen for Sogn og Fjordane i 2017 for at han held ved like det unike kulturlandskapet med tradisjonell drift. Magne har ikkje tid til å drive med turisme, men det gamle skulehuset på Sylvarnes er no ei ubetjent DNT turisthytte. Etter mitt syn skulle Magne hatt kunstnarløn i tillegg til stølstilskotet!



*Sylvarnes ligg fint til ved fjorden.*



*Fjøset på Nysetra er satt opp på kassen av et gammelt fjøs som sto hjemme på gården. Da dette bildet ble tatt i august 2018, var det like før saksene og taket skulle legges på den siste halvdel av bygget.*

# Ny aktivitet på Nysetra

Ekteparet Randi Stadsvold og Bjørn Ruud driver garden nordre Ruud på Vest-Torpa. De har etablert seter et steinkast unna Ullsjøen. Navnet på setra er Nysetra.

”Tidligere var det ei gammel seter her som het Nysetra. Derfor var det naturlig å kalle setra vår for det samme. Det er navnet på skogstykket her, også. Den gamle setra var nedlagt i 1936, og husene er for lengst borte. Vi har funnet igjen gards- og bruksnummeret, og det viser at setra var eid av et bruk som lå under garden Erstad”, sier Bjørn Ruud.

Arealet hvor Randi og Bjørn har etablert seter, kom inn i slekten til Bjørn da hans bestefar, Magnus Ruud kjøpte området tidlig på 1900-tallet. – ”Grunnen til at vi bestemte oss for å bygge seter her var behovet for mer

dyrkingsareal. Jeg hogg tømmer her midt på 1990-tallet, og syntes at området hadde fine dyrkingsarealer. Her skal vi dyrke opp, sa jeg til Randi, og slik ble det. Jeg snakket blant annet med landbrukskontoret i kommunen om det, fikk det godkjent og dyrket opp 60 -70 mål”, forteller Bjørn Ruud.

Det skulle likevel gå noen år før planene om seter ble satt ut i livet. ”Vi har hele tiden hatt lyst til å ha kua her og drive seter. Jeg har grudd meg, siden jeg visste det ville kreve mye arbeid. I 2015 bestemte vi oss for å satse, og begynte å planlegge dette. Vi søkte støtte gjennom Innovasjon Norge og fikk et positivt svar, nesten på dagen. Vi har investert mye her og vi har vært nødt til å tenke ut løsninger; Melketanken er på plass, og vi har laget gjødseltrekk. Det har vi kon-

struert og laget fra grunnen av. Dessuten har Mattilsynet visse krav som må oppfylles”, blant annet når det gjelder størrelse på båsene. Alle slike krav er oppfylt”.

I første omgang skal Randi og Bjørn ha 15-16 kyr på setra, men de har plass til 24. Fjøset er praktisk innredet med båser og et eget avlukke hvor melkingen skal foregå. Alt gjennomtenkt for å effektivisere prosessen, og slik at kuene enkelt kan finne vegen ut og inn av fjøset. Fjøset er forresten et kapittel for seg; ” Vi tok et gammelt fjøs som sto hjemme og flyttet det hit. Skallet på dette fjøset er gammelt, men innvendig er alt nytt. Vi måtte gjøre en del endringer, og tilpasse skallet for å få tilfredsstillende og renslige forhold”.



*Ekteparet Randi Stadsvoll og Bjørn Ruud har tro på at seterdriften har en framtid – og de trives godt på setra. "Både vi og kuene våre trives her", sier de.*



*Størhuset på Nysetra ved Ullsjøen er i tradisjonell stil og laftet av kraftig tømmer. Foto Werner Sveum.*

# ved Ullsjøen

De driftige eierne har et par hundre mål rundt setra som er inngjerdet. "Vi har dyrket opp en del, og vi har store områder hvor vi kan slippe kua på. Kanskje blir det ysting også etter hvert. Vi skal ha melkeproduksjon, så muligheten er der. Dessuten har vi ei bu hvor vi skal ha separatoren, sier Bjørn. Ektefellen, Randi Stadsvoll, har samme innstillingen som Bjørn når det kommer til seterdriften. "Vi er litt mot strømmen, men det hadde ikke blitt noe av dette hvis ikke begge hadde gått inn for det. Det er ren idealisme som driver gårdbrukere som oss – som driver i det små", sier hun. Randi har også laget sin egen potetåker på setra, og selv etter tørkesommeren 2018, gror det godt. Vanntilførselen på setra er sikret siden de har boret etter vann. – "Det er veldig

frodig og det vokser godt her. Setra ligger spesielt fint til i forhold til å drive jordbruk, selv om det er drøye 600 m.o.h.", sier Randi.

Etableringen av seter har også gitt driverne på nordre Ruud en ny giv med hensyn til variasjonen det er å være på setra. – "Det er moro å komme på et annet sted å drive med ku, også. Nå har vi holdt på med ku på samme plassen i 30 år, så det er veldig greit med litt avveksling. Vi koser oss her, og vi tror kuene også vil trives. Her skal vi holde på med setring så lenge vi synes det er greit", sier det driftige paret.

**Frå boka "Livet på setra – Historien om seterdriften i Nordre Land" av Kåre Kompelien.**




## Stølane har mykje å by på

Det er mykje god omtale av stølsopplevelsar i reiselivsblad, aviser, vekeblad, TV og radio. Og ingen tvil om at det skjer mykje i "seterlandet" som er vel verdt å oppleve, og sikkert er det at mange stølar no har spennande tilbod for både stor og liten!

Mange utviklar stølstilboda åleine, men mykje skjer også i regi av organiserte nettverk og seterlag, som Budeieeven, Støsliv i Hallingdal, Stølar i Valdres, Leksvik Seterlag, Seterlandet Nord-Østerdalen og Rørostraktene, Snåsa Seterlag og Seterlandet Sunndal. Massevis å finne på nettet om desse. Kreative nettsider byr på mykje god informasjon om kva dei mange setrene byr på.

Vi oppmodar elles om at dei som skal ha seterarrangement av ymse slag i sommar, konsertar, seter dagar m.m.m. sender oss informasjon om dette, så skal vi bringe det vidare på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) og facebook. Og stoff om slikt til neste blad, som skal ut i november, er også av stor interesse. Adressa er: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

For den som vil ha seteropplevingar i sommar, gå gjerne inn på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) – der finn du bl.a. "Til seters" og "Seterkalenderen".



## Meld deg på NM i Ost

NM i Ost 5. – 7. september er åpent for alle, og vi oppfordrer spesielt deg som synleggjør norsk mangfold av melkeforedling til å melde deg på. Påmeldingen starter 10. mai på Norsk Gardsost sine hjemmesider (<http://norskwardsost.blogspot.com/>).

**Frist for påmelding er 1.august.**

Norsk seterkultur 20 år

# Vellukka jubileumsarrangement

Norsk seterkultur markerte 20-årsjubileum i Aurland første helga i april, og arrangementet samla rekordmange deltakarar.

Fagdagen starta med samling og omvising på Sogn Jord- og Hagebruksskule, der Aksel Hugo, Gunn Wester og Even Hov tok seg av omvising av kvar sine grupper og heldt faglege foredrag. I tillegg fortalte Ida Østvold, tidlegare elev ved skulen, om gards- og stølsdrifta si i Vang i Valdres. Frå Aurland bar det til omvising i Undredal, på stølsysteriet og i Eldhuset visingscenter nede ved fjorden. I ysteriet tok Anna Karine Marstein i mot, fortalte om både stølsdrifta og ysteriet, og viste rundt inne i anlegget.

Nede ved fjorden tok Leif Inge Underdal seg av gruppene av deltakarar, fortalte mangt og mykje om livet i bygda og grannelaget – og i Eldhuset visingscenter var det servering, informasjon og song. Her ser ein verkeleg kva geit og ost betyr!

Da juryen for Seterprisen 2019 informerte om at Undredal Stølsysteri var årets prisvinnar, vart representantar for dei tre samarbeidande geitebruka på kort varsel ”tromma saman” til høgtideleg overrekking i solveggen ved ysteriet.

Heile jubelumshelga baud på eit veldig godt opplegg både fagleg og sosialt.



Frå festmiddagen på Fretheim Hotell i Flåm, der m.a. Aurland Spelemannslag underheldt, Even Hov fortalde og viste bilete og film frå stølsdrifta på Sinjarheim – og det var helsingar til jubilaranten frå Tine, Bondelaget, Norsk Gardsost og den svenske fåbodsorganisasjonen. Bjørn Karsten Ulberg var dyktig kjøkmester.



Ida Østvold, tidlegare elev ved Sogn Jord- og Hagebruksskule, fortalte om vegen vidare: gardsdrift og stølsdrift på Mugnestølen i Vang i Valdres.



Frå paneldebatten, f.v.: Hans Bondal, Per Olaf Lundteigen (Sp), Anders Felde, Sogn og Fjordane Bondelag, Helge Arne Espeland, Tine, Kathrine Kinn, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Margit Fausko, Alliansen ny landbrukspolitikk og Aksel Hugo, Sogn Jord- og Hagebruksskule. Jostein Sande leia debatten



# i Aurland



*Seterprisen 2019 vart delt ut i samband med omvising på Undredal Stølsysteri. Representantar for dei tre samarbeidande gardsbruka, med dagleg leiar Anna Karine Marstein i spissen, tok i mot prisen, F.v. Bernat Alarcon, Anna Elise Borlaug, Gunhild S. Borlaug, Helge Marthinussen og Anna Karine Marstein mottek Seterprisen 2019 frå juryleiar Hans Bondal.*

## Undredal Stølsysteri fekk Seterprisen 2019

Seterprisen 2019 vart laurdag 6. april tildelt Undredal Stølsysteri i Aurland. Miljøet i Undredal, som står bak stølsysteriet, har vore pionerar i den "osterevolusjonen" vi har opplevd dei seinare åra. Med utgangspunkt i ubrotten stølstradisjon med foredling av geitemjølka i bygda har dei skapt prisløna produkt, gjeve ny kveik i bygda og vore ein viktig inspirator for stølsbrukarar og mange andre rundt om i landet. Det var og

miljøet i Undredal som dro i gang arbeidet som førte til skipinga av Norsk Gardsost, og som sto i spissen for organisasjonen sitt arbeid i mange år.

Seterprisen 2019 vart delt ut under Norsk seterkultur sitt 20-årsjubileum som var lagt til Aurland. Juryen for Seterprisen 2019 er Hans Bondal, Norsk seterkultur, Solveig Linge Stakkestad, Norges Bygdekvinneleg og Nils Asle Dolmseth, Tine.



*Leif Inge Underdal tok i mot på kaia i Undredal, der gruppene av deltakarar på fagdagen også fekk servering og underhaldning i Eldhuset visingscenter.*

**Framhald side 10**



*Sogn Jord- og Hagebruksskule bidro sterkt til eit fint opplegg for fagdagen.*



*Bøker om stølsdrift kjem jamt og trutt, minst fire nye bøker i 2018. På hotellet i Fläm var det utstilling av seterlitteratur frå det meste av landet, og i tillegg var det ei flott fotoutstilling.*



*Aksel Hugo, rektor ved Sogn Jord- og Hagebruksskule, tok si gruppe med opp på den største gravhaugen ved skulen. Ein fantastisk arena for læring, både om historie og jordveg.*



*Even Hov fortalde om og viste bilete og film frå SJH sitt opplegg med stølsdrift på Sinjarheim i Aurlandsdalen.*



*Avtroppande leiar, Hans Bondal, fekk takk for stor innsats gjennom 5 aktive år i NSK. Bjørn Karsten Ulberg overrekte blomster og gode ord for innsatsen.*

# Seterdrifta er alfa og omega

Det sier Trond Erlien, som driver med mjølkeproduksjon midt i sentrum av Tolga. I slutten av mai ble Regionalt bygdeutviklingsprogram for Innlandet for årene 2019-2022 presentert i Nord-Østerdalen på hans seter, Dølvollen.

Trond Erlien driver mjølkeproduksjon med en kvote på rundt 100 tonn i Dølgarden. Dette er en av gardene hvor det fortsatt er landbruksvirksomhet langs den særpregede Gata med historie tilbake til da Røros Kobberverk etablerte smelthytte der i 1670. I denne gata arrangeres det hver høst Lokalmatdag hvor bakgårdene åpnes opp og tar imot rundt tusen besøkende. Med gård midt i sentrum er arealgrunnlaget rundt gården begrenset. Trond er derfor helt avhengig av å utnytte ressursgrunnlaget i setermarkene. I tillegg til at det har en ressursutnyttingside, er han opptatt av å ta vare på tradisjonen med mjølkeproduksjon på setra.

## Førti års opphold

Da det nye seterfjøset til Trond sto ferdig på Dølvollen i 2008 hadde det ikke vært mjølkeproduksjon på setra siden 1960-tallet. Onkelen, som drev garden før Trond, hadde kyrne på ei seter i nabogrenda sammen med en av naboenene nede i bygda.

Da Trond tok over satte han i gang med å restaurere seterbygningene på Dølvollen, og siden den gang har han restaurert og satt opp til sammen seks bygninger på setertunet. Alle i en stil som passer godt inn på den gamle setervollen. Han valgte å sette opp nytt seterfjøs med fangfront med plass til å ta inn og mjølke fire kyr om gangen. Arbeidet gjorde han selv, så kostnaden kom på rundt 350 000 kroner inkl. innredning og mjølkeanlegg. Trond er også opptatt av kulturlandskapet rundt setra og har gjennom flere år drevet med skjøtselstiltak for å åpne opp igjen landskapet som stadig blir invadert av småbjørka.

## Vil satse mer på bønder som Trond

Slike mjølkeproduksjonsbruk som Trond har er det viktig at vi får med oss videre, sa Bente Odlo fra Fylkesmannen i Innlandet da Regionalt bygdeutviklingsprogram for 2019-2022 ble presentert i Nord-Østerdalen 25. mai. Å sikre små og mellomstore bruk i hele Innlandet for å opprettholde produksjons- og arealgrunnlaget er en av de seks vedtatte strategiene for å nå programmets



Bente Odlo (enhetsleder Jord og mat, Fylkesmannen i Innlandet), Ragnhild Aaashaug (ordfører i Tolga) og Trond Erlien (mjølkeprodusent i Tolga).

hovedmål: «Innlandet skal ha et bærekraftig og attraktivt landbruk som bidrar til kvalitetsproduksjon, vekst og utvikling i hele fylket». Flere av prioriteringene i programmet er positivt for aktiv seterdrift.

## Kvart milliard årlig

Regionalt bygdeutviklingsprogram gir regionale føringer for tilskuddsordninger innen miljø, klima og næringsutvikling i jord- og skogbruket. For Innlandet dreier dette seg om en kvart milliard kroner årlig. Programmet er utarbeidet i bredt og godt samspill mellom Fylkesmannen, fylkeskommunene, Innovasjon Norge, bonde- og småbrukerlagene og skogeierorganisasjonene i Innlandet. Våren 2018 ble det gjennomført innspillmøter i hele Innlandet. Til sammen samlet disse møtene om lag to hundre deltakere. I tillegg til innspillene i møtene kom det inn over femti skriftlige innspill i etterkant. Programmet speiler nye utfordringer, med markedsbalanse i de fleste produksjoner. Mens forrige regionale bygdeutviklingsprogram i begge fylker hadde økt produksjon som hovedmål, er fokuset nå i større grad rettet mot økt verdiskaping, klimatilpasning og kvalitetsproduksjon. Disse tre stikkordene samsvarer også med hovedbudskapet i innspillrunden.

## Seterdrift er viktig for Innlandet

Seterdriften er en sentral del av jordbrukets kulturarv, og Innlandet har en stor andel av, og et ansvar for seterdriften nasjonalt. Oppland er landets desidert største seterfylke, og med Hedmark som nest største vil de bli landets klart viktigste seterfylke når de to fylkene slås sammen til Innlandet neste

år. Særlig er Valdres, Nord-Østerdalen og Gudbrandsdalen tunge seterregioner. Seterdrifta betyr mye for bosetting, verdiskaping og livskraftige bygdesamfunn, men er også viktig for å utnytte ressursgrunnlaget i disse regionene.

## Prioritert

Regionalt bygdeutviklingsprogram består av tre delprogrammer. I Regionalt næringsprogram gis det blant annet regionale føringer for Investerings- og bedriftsutviklingsmidlene i landbruket forvaltet av Innovasjon Norge. I Innlandet er all økologisk produksjon og alle grovførbaserte husdyrproduksjoner gitt førsteprioritet for tildeling av investeringstilskudd. Dette omfatter også tilskudd til driftsbygninger til aktiv setring og til gjødsellagre i disse produksjonene. Med fokus på modernisering og markedsituasjonen er det vedtatt at virkemidlene primært bør rettes mot prosjekter som har modernisering av driftsapparatet som hovedformål. I Innlandet er tju prosent av potten av investeringsmidlene avsatt til prosjekter innen landbruksbaserte næringer. Her finner vi for eksempel lokalmat og landbruksbasert reiseliv, som for eksempel serverings- og opplevelsesnæringer i landbruket. Mange som driver med aktiv seterdrift kombinerer dette med slike landbruksbaserte næringer, noe som kan bidra til at seterdrifta opprettholdes. I det regionale miljøprogrammet finner man blant annet det såkalte setertilskuddet, som det i jordbruksavtalen i 2018 ble gitt nasjonale føringer for. Det skulle i alle fylker legges til rette for tilskudd på minst 50 000 kroner og at produksjonsperioden måtte være minst 6 uker.

Forsettelse side 13

# Hvor blei setrene av?

Av Ragna Kronstad

Senior kommunikasjonsrådgiver i SABIMA

Om ikke noe gjøres vil det være flere realitydeltakere på Farmen og lignende program enn det er aktive seterbrukere igjen i norsk utmark.

Seterkultur feires i alle mulige kulturuttrykk og det meste av norske mattradisjoner har en eller annen tilknytning til seterdrift. Tenk bare på brunosten.

Norsk Seterkultur feirer 20 stolte år i år. De ble stiftet for å blant annet øke seterdrift i Norge. Men de har måtte kjempe mot den såkalte effektiviseringen, selv om de sitter på den mest effektive driften av dem alle; utnyttelse av egne ressurser.

De siste tallene fra Landbruksdirektoratet viser at 742 enkeltseter fikk tilskudd til drift i 2017. I 2008 var det 1300. Det har vært titusentalls før. Hvordan gikk det slik?

## Problemet er sammensatt.

Først må vi titte ned i dalen. Hva har skjedd med fjøsene der? Det har vært en nedgang i melkebruk de siste ti år på 40%. I 2018 var det 8205 bruk igjen mot 13 708 10 år før. Den politiker som har vært med på å rasjonalisere bort fjøs har bidratt til at vi mister kulturarven vår også.

Og de få melkebrukene som er igjen har vokst og vokst og kua som nå er inne i et robotfjøs lar seg ikke lenger buføre like lett til fjells, selv om det finnes flere eksempler på at det går an. Det finnes og mobile roboter. For å være med videre som vinnere i norsk landbruk har volum og produksjon vært førende. Det gjør at mange har vokst seg for store for sætra.

## Investeringspakker

Dessuten er drifta nå slik at kua melker mest om vinteren. Før kalva kua på våren og det var utmarka ved stølene som ble brukt til å føre kua når hu trengte mest. Nå er det blitt enklere og billigere å dyrke mer gras på innmark og bruke kraftfôr. Kua som velges



Ragna Kronstad saman med landbruksminister Olaug Bollestad.

er ikke en tradisjonell rase som er avlet for å takle landskapet hun blir født inn i, men en som har høy ytelse.

Vi får neppe krympa norske fjøs igjen, selv om vi kan stoppe farten på sentralisering og strukturutvikling. Ser vi på de reelle utfordringene da, ser vi at vi ikke kan drømme oss tilbake i tid, og vi må innse at nå er faktisk sætra blitt for liten?

I dag får de som støler, 50 000 i setertilskudd. De må da være 4 uker på stølen. Hva får man gjort med dette? Investert i stølen og infrastruktur? Nepp.

For å få utløst lån eller investeringsstøtte i landbruket i dag er det volum som er rådende. Drift som nytter ressursgrunnlag er miljøvern, ikke næringspolitikk. Bonden kan søke miljøtilskudd så hun kan ta fram ljaen eller vise til annen skjøtsel som opprettholder artsmangfoldet i innmark eller utmarka de. Men det er ikke miljøtilskudd eller setertilskudd som skal til – selv om det kan være viktige nok bidrag inn en bondeøkonomi. Det må et skikkelig løft til. Stølsveger må oppgraderes for at melk kan hentes, (men ikke nødvendigvis til at fôr må kjøres opp. Det er jo et overskudd av føreheter i utmarka) Stølene trenger strøm og vann. Det trengs reale investeringspakker.

Det vi investerer i som samfunn er fortsatt bruk av utmark og matsikkerhet. Og ikke minst: biologisk mangfold. Selve grunnlaget for velferden vår og naturens produksjonsevne.

## Beiteplantene

Når trærne etablerer seg får ikke lenger beiteplanter lys nok. Kvaliteten på beite blir sakte redusert på store areal. Utmarka må skjottes mm arealene skal kunne brukes til

fôr. Og det er kun når det blir skjotta rett at vi tar vare på artsmangfoldet. Artene som trives best med å bli beita ned, trakk og gjødsel. Da mister vi for eksempel Solblom og Kviturle og de mange beitemarkssoppene. Dette påvirker igjen alle insekter som er tilpasset beiteplantene. Å føre en politikk som gjør at småbruk med seterdrift legges ned er indirekte med på insektdøden som vi så gjerne vil unngå.

Det er altså ikke bare kua som trenger beiteplantene. Villbiene blir mette og det bli vi og på kortreiste fôrressurser.

Det er mange løsninger og ikke alle som tar med dyra til fjells må nødvendigvis bli budeier og lage gamalost. (Selv om det trengs det og, vi har mistet hele mangfoldet av vår eneste unike ost i Norge) Ved Rue-slåtten Ysteri i Hallingdal har de bygd ysteri i bygda og om sommeren kjøres melka ned hit fra en seter de kjøper melk fra.

## Utmark og seterdrift

Tørkesommeren ga oss en vekker av at mange raskt kan få et fôrunderskudd. I utmarka er det enorme ressurser som står ubrukt. Det er 900 millioner forenheter i norsk utmark i da ifølge Yngve Rekdal ved Nibio. I dag tas det ut ca. 300 millioner føreheter.

Alliansen for ny norsk landbrukspolitikk har denne våren gitt ut en setermelding som gir mange gode løsninger på hvordan komme seg gjennom denne knipa norsk landbrukspolitikk har kjørt seg fast i. Vi kan jo ikke ha landbruk i Norge uten seterdrift? Og vi kan ikke lage museum av utmarka? Den må nyttes til mat både til kua og biene.

**God landbrukspolitikk er miljøvern.**

# Frå forsøksringleiar til museumsleiar

Knut Ola B. Storbråten ny i styret i Norsk seterkultur.

Jeg er fra Nord-Odal, oppvokst på et lite småbruk i Austvatn. Husdyrholdet var avsluttet for lengst da jeg var liten, men særlig oldemor var glad i å prate med en vitebegeistret smågutt om krøtterhold og seterdrift fram til de la ned i 1960.

Utdanninga ved Norges landbrukshøgskole ga meg mulighet til å skrive hovedfagsoppgave med relasjon til setervanger og urterike slåttmarker. I jobben som forsøksringleder i Ottadalen forsøksring fikk jeg god kjennskap til arbeid med husdyr og noe seterdrift. Mest verdifullt var det likevel å bli introdusert for bevisstheten rundt viktigheten av å ta vare på seterdrifta og setrene som en viktig del av landbrukshistoria og hvilken verdi setrene har i dagens jordbruk.

Vel hjemme igjen tok jeg med meg denne bevisstheten og har bl.a. hatt gleden av å lede et registreringsarbeid og å delta i et par bokutgivelser om setrene i Odalen. I dag jobber jeg i Anno museum, Kongsvingerregionen som museumsleder for Odalstunet. En viktig del av arbeidet her har vært og er å tilføre ei skogseter til samlingen i Odals-



Knut Ola B. Storbråten

tunet. Skålbergsætra i Nord-Odal har siden 2008 blitt forvaltet av museet.

Arbeidet har bestått i å nyrykke setervangen og sette i stand husa, og siden 2012 har vi hatt en måneds seterdrift hvert år med innleide mjølkekuer og foredling av mjølka til rømme, smør og pultost. Setra er besøkt av rundt 1000 personer hvert år og er en

viktig del av formidlingen til museet. Særlig jobben med foredling har gitt meg god kunnskap om viktigheten av et godt forhold til mattilsynet. - Jeg håper interessen min for seterdrift og erfaringene fra jobben min kan være til nytte som styremedlem i Norsk seterkultur, sier Knut Ola B. Storbråten. På styremøtet i mai ble Knut Ola valgt til nestleder i organisasjonen.

Fortsettelse fra side 11

## Seterdrifta er alfa og omega

For begge fylkene innebar dette en økning i setertilskuddet, men også en økning i minimumsperioden for produksjon på setra. Seterområdene er en svært viktig del av kulturlandskapet, og jordbruksarealene på setrene er en viktig del av kulturmiljøene som setrene utgjør. Det er derfor prioritert å gi tilskudd til jordbruksareal i seterområ-

dene der arealene sammen med seterhusene utgjør et helhetlig setermiljø gjennom tilskuddsordningen «tilskudd til skjøtsel av kulturhistoriske områder». Regionalt miljøprogram har også flere andre tilskuddsordninger av betydning for seterbruket. For Innlandet er disse relevante tilskuddsordningene valgt ut for programperioden:

Miljøtema	Mål	Tilskuddsordning
Kulturlandskap	Ivareta det tradisjonelle kulturlandskapet ut over det en oppnår gjennom de nasjonale ordningene	Drift av bratt areal
		Drift av beitelag
		Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark
Biologisk mangfold	Ivareta ulike utvalgte naturtyper og biologisk verdifulle arealer i jordbruket.	Slått av slåttemyr og slåttemark
		Skjøtsel av biologisk verdifulle arealer
		Skjøtsel av trua naturtyper
		Soner for pollinerende insekter
Kulturminner og kulturmiljøer	Ivareta og synliggjøre spor i landskapet etter tidligere tiders jordbruksdrift og bosetting, slik som gravminner og rydningsrøyser, samt å bidra til å opprettholde tradisjonelle driftsformer som seterdrift	Drift av seter
		Skjøtsel av automatisk fredete kulturminner
		Skjøtsel av enkeltstående automatisk fredete kulturminner
		Skjøtsel av kulturhistoriske områder

Mer informasjon om Regionalt bygdeutviklingsprogram for Innlandet 2019-2022 finnes på [www.fylkesmannen.no/rbu](http://www.fylkesmannen.no/rbu)



Trond Erlien orienterer Bente Odlo om fjøset på Dølvollen.



# Vi treng satsing på støylsdrifta!

Støylsdrift har vore viktig for å sikre norsk matproduksjon, i alle fall i historisk perspektiv. Dei siste tiåra har nedgangen i aktiv støylsdrift vore dramatisk og det er viktig at vi greier å snu den negative trenden. Motiva for aktiv støylsdrift er veldig ulike, å nytte utmarksbeiteresursen, ferie og fritid, turisme, kultur, luft/beite-krav osv. Grunnane til nedgangen i tal sætrer skal eg ikkje dvele mykje ved, men det å halde ved like to «moderne» driftsapparat er for mange so kostbart at ein har satsa på «heime»-fjøset framfor støylen.

I Sogn og Fjordane er støylsdrift framleis ein naturleg og viktig del av drifta for geitemjølke-produksjonen, men vi kan ikkje seie det same når vi ser på mjølkekyra. Jordbruksoppgjeret i 2018 fekk fastsett tilskotet til støylsdrift til minst 50 000 kroner i alle fylke. Krav om at ein faktisk mjølkar på sætra for å kvalifisere seg til eit slikt tilskot meiner eg er avgjerande for å behalde sætra i framtida. Den einaste måten å sikre framtidig sæterdrift på er at det faktisk blir mjølka på sætra, og at bonden flyttar all sin mjølkeproduksjon frå «heimefjøset» til sætra. Nokre større krav kring sætring ser

eg ikkje som naudsynt. Om ein nyttar lite eller mykje kraftfôr på sætra er uinteressant, foredlar ein mjølka på sætra eller kjem Tine og hentar mjølka er uinteressant, om støylsdrifta er open for turistar er uinteressant.

Det avgjerande må vere at ein nyttar beiteresursen kring sætra og held ved like ein sæterkultur som eg meiner er viktig. Ved ei betre utnytting av utmarka vil ein legge til rette for ein høgare norsk andel i forrasjonen til geit og kyr, samtidig vil ein legge til rette for auka norsk sjølvforsyning, og det burde vere avgjerande for norsk landbrukspolitikk. Ja det er rett og slett viktig for matberedskapen i eit land med berre 3% dyrkajord.

Ein bør no få på plass ein langsiktig strategi for å snu den negative trenden støylsdrifta er inne i. Dette må følgjast opp med tiltak kring lønnsemd og investeringar slik at vi får sikra ei framtidig støylsdrift over store deler av landet. Eg er sikker på at for mange som driv på støylen so vil det også kunne gjerast tettare koblingar mellom lokalt/regionalt reiseliv og sætringa. Ein slik strategi må også ta omsyn til at det er økonomi i drifta på små og mellomstore bruk med geit og kyr i resten av året. Eit

framtidig landbruk med ein-sidig fokus på «meir mat» vil gjere norsk landbruk fattigare. Landbruk over heile landet, rein og trygg mat, matsikkerheit, ope landskap og sjølvforsyning er avgjerande målsettingar for norsk landbrukspolitikk. I eit land som er i ferd med å gro igjen må vi greie å snu sentraliseringa i matproduksjonen og i større grad legge til rette for mange bønder framfor at nokre få skal få vekse seg «kjempestore».

## God sommar!

*Helsing Sogn og Fjordane Bondelag  
v/ Anders Felde*



Foto: Sogn og Fjordane Bondelag.

## AgriAnalyse med omfattende undersøkelse av seterdrifta

Som tidligere omtalt i Seterbrukaren har AgriAnalyse sett i gang ein undersøkelse for å se på hva slags utfordringer som må løses for at takten i nedleggelsen av setre skal bremse opp. Arbeidet skjer i samarbeid med avtalepartene, Norsk seterkultur og fylkesmennene i to store seterfylker. Prosjektbeskrivelsen var omtalt i Seterbrukaren 3-2018, og til høsten er det klart en omfattende spørreundersøkelse.

Vilde Haarsaker i AgriAnalyse forteller at det i september vil bli sendt ut en spørreundersøkelse på e-post til alle landets seterbrukere som har mottatt setertilskudd i 2018. Om noen ikke mottar denne e-posten, så oppfordres disse til å gå inn på [www.agrianalyse.no](http://www.agrianalyse.no) i midten av september, der det vil bli lagt ut link til undersøkelsen, eventuelt ta kontakt med Haarsaker, som ahr e-postadresse [vh@agrianalyse.no](mailto:vh@agrianalyse.no).

Vilde Haarsaker forteller at fristen for å svare på undersøkelsen vil være en gang i oktober. Blant de som svarer vil det bli trukket ut tre vinnere av et gavekort på Felleskjøpet til en verdi av 500 kr. Hensikten med spørreundersøkelsen er en nasjonal



Som en del av prosjektet har AgriAnalyse i mai 2019 gjennomført gruppeintervjuer med seterbrukere og forvaltning i Valdres og i Nord-Østerdal. Her fra møtet på Landbrukets Hus på Tynset, der seterbrukerne Nina Veshum, Anne Berit Gjermundshaug, Randi Brænd, Hans Bondal og Arne Ingvar Nymoen deltok, sammen med Bjørn Gussgard fra Folldal kommune.

kartlegging av utfordringene som de gjenværende seterbrukerne opplever, slik at man kan få et bedre grunnlag for å diskutere målretting og styrking av virkemidler for at seterdrifta skal overleve som driftsform, sier Haarsaker.

Rapporten skal være ferdigstilt innen utgangen av 2019. Prosjektet er finansiert gjennom Forskningsmidlene for jordbruk og matindustri.



*Oppsett av nytt sæterfjøs der veggane er laga i tømmer og som element. Rask byggeprosess og fint bygg. Foto: Jakob Trøan, Alvodal Skurlag.*

## Det trengs opprusting på mange sætrer!

Frå Norsk seterkultur har det ved fleire høve vore foreslege eit investeringsprogram for stølar. Framlegget er også sentralt i den nyleg framlagte seterpolitiske meldinga frå Alliansen ny landbrukspolitik.

I paneldebatten på fagdagen i Aurland var dette noko fleire tok opp. Vi har utfordra Olav Urset Østigård, bonde på Tynset og seniorrådgjevar hos Rådhuset Vingelen om å koma med tankar om dette. Han har også erfaring frå utvikling av eiga seter, noko vi omtala i Seterbrukaren 3-2016. Han understrekar at dette blir eksempel og omtrentlege tal.


For det første står det som regel ein del gamle bygningar på sætrane, som enten skal brukast opp igjen, for eksempel bygast i sammen med nytt - og det skal passe inn estetisk. Dette kan vera fordyrande ved bruk av materialar og tilpassingar. Tenker da på bruk av tømmer, her kan det no lages mykje i element og fraktast til sætra som prefabrikkert bygg, om det skal vera naturmateriale på tak, stein, tre eller torv... Dette kan gi økte kostnader i form av for eksempel forsterka konstruksjonar. – Ein må fort rekne med 10-12.000 kroner pr. kvm, og da blir det fort 6-700.000 for eit passe stort sæterfjøs, seier Urset Østigård.



*Samletrø med veg til beiter. Vegen er oppbygd med stein som er kjørt av jordene. I samletrøa er det fylt på med grov flis oppå. Foto: Olav Østigård.*

Vidare trengst det energi, straum eller eit bra aggregat i prisklassa 100-150.000, og for vatn og avløp som tilfredsstillar dagens krav må ein fort rekne med 150.000 kroner. Veganlegg krev som regel også ein del, både for å få dyre- og mjølkebil fram, og ikkje minst vegar for dyra. Det er t.d. stor forskjell på om det er 20 eller 60 dyr som skal passere same området til og frå fjøs og beite to gonger dagleg, seier Urset Østigård, som gjorde ei slik veginvestering sjøl i fjor og som kom på om lag 100.000 kroner. – Dermed er vi oppe i 1 – 1,2 millionar for eit bra sæteranlegg, i tillegg kjem sjølsagt

hus og kanskje oppgradering/stell av beite. Ser for meg at det burde vore eit tilskudd på minst 100 000, gjerne meir, for at det skal vera nokon mon og utslagsgjevande for satsing på sætra. Det burde sikkert vore oppgradert 20 sæteranlegg i året, og da trengst det 2-3 millionar utdelt frå eit slikt investeringsfond. – Olav Urset Østigård held fram at det burde vera ei arbeidsgruppe som utarbeider reglar og godkjenner søknader, inkludert utarbeiding av retningslinjer for utforming og som samtidig lagar modelar for eksempel som kan brukast. Dette vil også koste 3-400.000 kroner.



Setermiljø i Finndalen.

## Norsk seterkultur får støtte til UNESCO-arbeid

Norsk seterkultur har fått kr 150 000 frå Oppland fylkeskommune og 50.000 frå Fylkesmannen i Innlandet til eit forprosjekt for å få seterkulturen innskriven på UNESCO si liste over immateriell kulturarv.

- Kring 1940 var det om lag 40.000 støler i drift. No er det godt under 900 att. Vi står i fare for å miste denne tradisjonen om vi ikkje tek særlege omsyn. Med tap av stølsbrukarar forsvinn mykje kunnskap om mjølkestell, handverk, naturbruk, lokking, song og historiefortelling. Dette er ein rik, immateriell kulturarv som fortener ein plass på lista, seier Katharina Sparstad.

Sparstad jobbar som kulturrådgjevar i Valdres Natur- og Kulturpark og er sekretær for interesseorganisasjonen Norsk seterkultur. Sistnevnte har dei siste åra vore gjennom eit forstudium for å freiste å få seterkulturen innskrive på UNESCO si liste.

### Samarbeid med svenskane

Arbeidet legg opp til eit svensk-norsk samarbeid då det er mange likskapar i seterkulturen i desse to landa. Dei svenske kollegaene i Svensk Fäbodkultur har på si side vore i dialog med Riksantikvaren der.

Forprosjektet skal kartleggje status for setermiljøet og stølsbrukarar, og knytte til seg fagmiljø.

- Mange har vore med og sett fokus på seterdrifta dei seinare åra, og vi vil ha god nytte av arbeid som allereie er gjort. Tilskotet skal også gå til manusarbeid for ein dokumentasjonsfilm, og leggje arbeidsstrukturen for det vi håpar blir eit komande hovudprosjekt, seier Sparstad.

### Mogleg stilling til Valdres

- I Valdres har vi eit sterkt miljø på stølsdrift, både med brukarar og på Valdresmusea.

På museet er også Norsk institutt for bunad og folkedrakt som er akkrediterte rådgjevar for UNESCO-søknader. Dette vil vi nytte godt av, og derfor er det aktuelt å legge arbeidet til Valdres, seier Sparstad.

Lene Hovi  
Valdres Natur og Kulturpark  
[lene.hovi@valdres.no](mailto:lene.hovi@valdres.no)

Innsatsen for seterdrifta  
treng fleire støttespelarar.

**Bli medlem**

i Norsk seterkultur!

[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)



Mange av våre  
produkter  
har rot i støls-  
kulturen og vi  
støttar

Norsk Seterkultur i arbeidet for  
denne driftsforma



### OLAVSROSA

Kvalitetsmerket  
for de beste  
kulturarvopplevelser.  
Et besøk er et minne  
for livet.

**“Vern gjennom bruk”**



[www.olavsrosa.no](http://www.olavsrosa.no)  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)